

Avtale

mellan Flora Kommune (kommunen) og Nærbutikkane Svanøy, Askrova, Stavang,
Rognaldsvåg og Batalden (butikken)

1. Bakgrunn:

Merkur, KS og Distriktsenteret ønskjer å fremje disktriktsbutikken som utviklingsaktør og m.a. prøve ut nye tenester og samarbeidsformer med kommunen. Sogn og Fjordane er valt ut som prøvefylke og 7 kommunar og 12 butikkar som pilotar i prosjektet «Kommunen og nærbutikken». Flora Kommune og nærbutikkane i Flora er blant pilotane i prosjektet. Kommunal og Moderniseringsdepartementet har teke initiativ til prosjektet og Merkur-programmet har fått oppdraget med å finansiere og gjennomføre prosjektet. KS og Distriktsenteret sit i styringsgruppa.

2. Målsetting:

Målet er å behalde eit velfungerande butikktilbod samt få gode og funksjonelle tenester der folk bur for å skape trivsel, bulyst og dermed grunnlag for vekstkrift i bygda og bygdene rundt. Kommunen har m.a. som eitt av måla at eldre og brukarar med spesielle behov kan bu lenger heime ved å få utført tenester nær der dei bur.

3. Butikkpersonalet si prioritering av tid:

For å sikre at butikken skaper tilstrekkeleg lønsemd, må butikkpersonalet utføre avtalte tenester i opningstida inn mellom ekspedisjon av kundar og andre butikkoppgåver.

4. Butikken tilbyr følgjande tenester:

- a. Butikken gjev tilgang til **internett og PC** i kaffikroken til bruk for bygdefolk, besøkande og turistar som treng informasjon, lese mail e.l.
- b. Butikkpersonalet tilbyr bruk av butikk-PC og hjelper til med nettbank, post, nettsøknader, nettskjema, utskrift på skrivar, skanning, kopiering o.l. når dei er ledig frå vanlege butikkoppgåver.
- c. PC blir sett opp med linkar til viktig lokal info på startskjermen slik at lokale tilbod er tydeleg, oversiktleg og lett tilgjengeleg. På same måte vert det på startskjermen direkte link til viktige kommunale tenester som t.d. kommunale kartdata.
- d. Butikken har **kaffikrok** som fungerer som ein sosial arena for bygda og andre, og dette kan utviklast. Butikken vil skape aktivitetar med jamne mellomrom i kaffikroken slik at bygdefolk får treffast. Butikken vil stimulere til at frivillige hentar dei som har vanskeleg for å komme seg ut blandt folk og slik prøve å motverke einsemd og utanforskap. Butikken stiller såleis kaffikroken til disposisjon for sosialt samvære i opningstida og elles dersom ein har høve til å vere der. Butikken vil tilby enkel servering av det ein finn i butikken.
- e. Butikken skal utviklast som eit **informasjonspunkt** i bygda. T.d. kan det under føresetnad av finansiering av lokale bedrifter, investerast i ein digital infoskjerm der lokale nyhende og annan informasjon vert fortløpende vist fram og oppdatert. Det kan t.d. visast flotte bilde av naturen samt turar for å lokke turistar til ein lengre stopp. Tilbydar er t.d. www.infoskjermen.no Butikken tilbyr å legge ut offentlege dokument til gjennomsyn i butikken.

Butikken vil også kunne nytte sosiale medier som t.d. Facebook i informasjonsarbeidet.

- f. Butikken vil påta seg å drive **informasjon overfor turistar og vegfarande**. Slik vil butikken framstå som eit vertskap på vegne av bygda og informere om turar, overnattingstilbod og aktivitetar som turistar kan vere interessert i. Ein ønskjer at dette skal føregå i samarbeid/samråd med Visit Fjordkysten. Målet er å få turistar til å opphalde seg lenger i bygda og kommunen. T.d. kan butikken tilby tenester for dei som leiger ut gjennom AirBnB eller ta ei vertskapsrolle overfor dei som leiger hytter og fritidsbustader i området.
- g. Butikkane ønskjer å utvikle rolla som eit **kommunalt beredskapspunkt**. Ein vil arbeide med å få utplassert eit nøddaggregat på butikken. Aggregatet skal vere sterkt nok til at butikken kan drifta anlegget ved straumbrot. Dette gjer det muleg å la folk få tilgang til butikken ved katastrofer og kan få forsyningar av mat, lade telefonar, sikre god kommunikasjon til omverden gjennom telefonsamband og internett. Vidare kan butikken fungere som enkel operasjonssentral og tilby folk mat og varmt opphold.
Butikken kan ha ei rolle i sivil beredskap, brann, oljeutslepp, katastrofer etc
Butikken samarbeider gjerne med sivilforsvaret der det er aktuelt.
- h. Butikken kan få **utkøyrt varer** til kundar på bestilling 1 gang pr veke til dei som ikkje klarar å komme seg til butikken eller får hjelp på annan måte.
Butikken kan også pakke varer som heimesjukepleien tek med seg til heimebesøk. Gjennom kontakten ein får ved varelevering og aktivitetar i kaffikroken, får butikken ein oversikt over aktivitetsmønsteret til dei faste kundane sine. Når butikken ser endringar hos brukar, så melder ein til heimesjukepleien dersom ein trur at noko er galt. Butikken er open for tett dialog med heimesjukepleie, frisklivssentral m.fl.
- i. Butikken vil ha tilgang på og stå på ringeliste for **hjertestartar**.
- j. Butikkane gjer eigne avtalar med KF Innvandrarsenteret om å ta mot **flyktningar** i arbeidspraksis ved butikken. Med tiltaket ønskjer ein å skape ein arena for praktisk trening i språk, arbeid og norsk kultur for våre nye landsmenn.
- k. Ein vil saman med **heimesjukepleien** samarbeide og sjå etter enkle oppgåver som ein ser at butikken kan løyse. T.d. kan heimesjukepleien sende dosettar som butikken kan utlevere til brukar etter bestemte og sikre rutinar ein vert samde om.
- l. Dersom kommunen har oppgåver som enkelt kan løysast av butikken, så vil butikken på førespurnad vere positiv til å hjelpe til. Dette kan spare kommunen for å sende t.d. teknisk etat på heildagsoppdrag til øyane for den minste ting. Butikken kan vere kommunen sin forlenga arm i bygda.
- m. Butikken lagar oversikt over ulike tenester ein kan bidra med i eit **Tenestetorg**. Målet er at brukar kan få oversikt over ulike typar tenester. Der det ligg til rette for det, vil butikken samarbeide med frivillige som kan påta seg tenester for dei som treng dette i bygda og som kanskje ikkje klarar alt sjølv. Det kan vere aktuelt å ta brukarbetaling for tenester, bortsett frå brukarar som kommunen har sett opp på liste. Tenestetorget kan tilby tenester som t.d. innkjøp, skyss til butikken, skifte lyspærer og andre enkle vedlikehaldsoppgåver. Vidare kan ein tilby hjelp til internett og andre tekniske ting i heimen slik som mobil, PC, nettbrett, DAB-radio, TV etc.

- n. Butikken er avhengig av **frivillige sin innsats** i utprøving av ulike tiltak. T.d. ønsker butikken å prøve ut ulike helsefremjande aktivitetar basert på frivilligkeit. Dette kan vere køyring av eldre og andre brukarar til butikken for å handle. Ein kan arrangere trimturar og gje eldre og brukarar med spesielle behov trening. Aktiviteten vil også gje brukar sårt tiltrengt sosialt samvære t.d. ved å lage sosial samankomst i kaffikroken etter spaserten. Kan ein også kombinere dette med eit varmt måltid, vil butikken bidra med eit viktig folkehelsetiltak. Slike tiltak vil motverke einsemd og utanforskap.
- o. Butikken sitt **kundetoalett** vert i dag brukt av besøkjande til bygda, m.a. kommunen. Dette er ein kostnad for butikken, men dette er ei teneste butikken vil halde fram med.
- p. Øybutikkane har fått oppseiing på avtale med Fjord1 om godsekspedisjon over kai. Butikkane har fram til 01.01.2018 hatt avtale om å ta seg av gods som kjem over kai til øybuarane. Butikkane har sikra trygg lagring anten ved å ta gods i hus eller sikra det på kaia inntil det vert henta. Tenesta vert gjennomført i butikken si opningstid og etter varsling om lettskadeleg gods og butikken held generelt oppsyn med kaiområdet og sikrar ved behov. Frå 1. januar -18 vil ein utan slik ekspedisjon stå utan denne tenesta med det til følgje at gods kan ta skade av vær og vind etc.
For å sikre trygg og god handtering av gods i framtida, vil kommunen samarbeide med fylkeskommunen om å sikre framleis trygg godshandtering fram til år 2020. Dette vil skje ved å følge med på korleis Fjord1 løyer oppdraget etter oppseiing av ekspeditørane.

5. Butikken sine oppgåver i avtalen:

- a. Butikken vil ha ei generelt positiv haldning til å utvikle og prøve ut nye tenester i butikken. Tenestene skal ha nytteverdi for brukarane i bygda og dei skal ha nytteverdi for kommunen anten i form av at tenestene blir betre utført eller at kommunen sparar pengar på at butikken utfører tenestene.
- b. For å sikre god kvalitet på tenestene, skal butikken rette seg etter dei pålegg og krav som kommunen stiller i utføringa av tenestene. Butikken er innforstått med at dersom kvaliteten ikkje held lovmessig kvalitet, så kan kommunen fråta butikken tilbodet på aktuell teneste.
- c. Butikken skal tydeleg «skilte» at butikken er eit Kommunalt servicepunkt og sette av plass for informasjon om avtalte enkelttenester. Kommunen skal godkjenne utforming av skilt/merking.
- d. Butikken dekker kostnaden med internett samt tilgang til pc til bruk for kundar i butikken.
- e. Personell i butikken skal delta på kurs og opplæring i utføring av tenester der dette vert tilrettlagt frå kommunen.

6. Kommunen sine oppgåver i avtalen:

- a. Kommunen legg administrativt til rette for at butikken kan utføre avtalte tenester på vegne av kommunen.
- b. Kommunen klarerer det lovmessige rundt tilboda
- c. Kommunen skal kvalitetssikre tilbodet og tek ansvaret for at tenestene held lovmessig kvalitet.

- d. Kommunen ønskjer å samarbeide med øybutikkane om å få til avtale om ekspedisjon av gods over kai på øyane.

7. Fakturering.

Kvar butikk fakturerer kommunen ei årleg godgjersle på kr 50 000,- eks mva for tenester i.h.t denne avtalen. Butikkane fakturerer kommunen i januar for tilskotsåret. Fakturaen må merkast rett tenestenummer slik at dette kan konterast rett (i høve til budsjett). Kredittid 30 dagar.

8. Varighet.

Avtalen har ei varighet på 2 år frå dato for signert avtale. Kvar av partane har ei oppseilingstid på 6 mnd frå utløpet av den kalendermnd avtalen vert oppsagt. Etter avtaleperioden sitt utløp, løper avtalen for nye to år dersom ingen av partane seier opp avtalen.

9. Misleghald.

Ved vesentleg brot på denne avtalen, kan avtalen seiast opp med umiddelbar verknad. Når minst halvparten av avtalte tenester ikkje vert utført, er dette å forstå som vesentleg.

10. Løysing av tvist.

Vert det usemje om korleis avtalen er å forstå og ein ikkje klarar å løyse dette på minneleg vis, skal Sorenskrivaren i Sunnfjord oppnemne ein meklar og kvar av partane stiller med kvar sin representant til mekling. Vert ein ikkje samde i mekling, vert tvistesørsmålet avgjort av meklaren som voldgiftsmann åleine med endeleg verknad som ved voldgift. Dette etter at begge partar har hatt høve til å kome med kvar sitt sluttinnlegg. Ønskjer minst ein av partane det, skal meklaren i forkant av voldgiftavgjerd, gje partane ein frist til å komme med kvart sitt skriftlege hovudinnlegg, og med høve til, innanfor ein ny frist, å gje inn eit merknadsskriv til motparten sitt hovudinnlegg.

Partane ber ein halvpart kvar av kostnadene ved bruk av meklar.

11. Signering - avtalen er signert i 1 eksemplar, med skanna kopi til kvar av partane.

For nærbutikkane

Nærbutikken Stavang

Hilde Kristi Hennig Stordal 5/4.2018

Flora Kommune

Nærbutikken Tansøy

Magnhild Svartdal 3/4.2018

Anders Espeset

Nærbutikken Rognaldsvåg

Hans Jacob Sælen 27.03.2018

Nærbutikken Svanøy Handel

Gudrun

Nærbutikken Batalden

Jeanne 31.03.2018

Florø, 10/4 - 18